

Saksbehandlar: Birte Tuxen Bø, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 16/3913-1

## **Budsjett 2017 / Økonomiplan 2018-2020 - Næring og kultur**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Hovudutvalet gjev følgjande tilråding i høve utgreiing #51 Folkehelsearbeidet:  
(dette punktet vert lagt fram utan tilråding)
2. Hovudutvalet tilrår at det uspesifiserte innsparingskravet på 4,500 mill. kr vert fordelt slik for 2017 og i økonomiplanperioden:
  - a. Tenesteområde 7010 Bedriftsretta satsingar - 0,500 mill. kr
  - b. Tenesteområde 7011 Kommunikasjonsteknologi - 2,000 mill. kr
  - c. Tenesteområde 7015 Nyskaping – omstilling - 0,500 mill. kr
  - d. Tenesteområde 7015 Nyskaping – kommunale næringsfond - 1,000 mill. kr
  - e. Tenesteområde 7900 Andre kulturaktivitetar - 0,500 mill. kr
3. Hovudutvalet tilrår følgjande omprioritering av alt vedtekne innsparingstiltak:
  - a. Den tidlegare vedtekne reduksjonen innanfor reiseliv (utgreiing #34 (3 a) Reiseliv) vert redusert med 0,750 mill. kr for 2017. Endringa vert dekkja ved å redusere tilsvarande på midlane til kommunale næringsfond i 2017. Det opphavlege innsparingskravet for reiseliv på 1,000 mill. kr vert ståande frå 2018.
  - b. Vedteken reduksjon på Fylkesarkivet (utgreiing #47 Kulturarv) vert redusert med 0,300 mill. kr i økonomiplanperioden. Endringa vert dekkja inn ved å redusere løyvinga til fylkesmusikarordninga (utgreiing #50 Kulturformidling) med 0,300 mill. kr.

### Vedlegg:

Utgreiing #51 Folkehelsearbeidet (s. 24)  
HK-vedtak 18/15  
HPN-vedtak 31/15

### Andre dokument som ikkje ligg ved:

## 1 INNLEIANDE

I denne saka skal hovudutvalet ta stilling til den utgreiinga som er gjort innanfor folkehelse, i samband med omstillingsprosjektet SFJ 2019 (#51 Folkehelsearbeidet). Denne delen vart lagt fram utan tilråding frå administrasjonen. Hovudutvalet skal også ta stilling til fylkesdirektøren sitt forslag til korleis ein skal takle dei innsparingskrava som til denne tid ikkje er fordelte. Dette gjeld til saman 4,500 mill. kr, fordelt med 4,000 mill. kr på næring og 0,500 mill. kr på kultur.

## 2 «BESTILLING» TIL HOVUDUTVALA FRÅ FINANSUTVALET

### 2.1 Bestillinga til hovudutvalet

Den innarbeidde arbeidsdelinga mellom finansutvalet og hovudutvala tilseier at hovudutvala - som sektorspesialistar - får høve til å prioritere på eigen sektor, medan finansutvalet tek ansvar for å prioritere mellom sektorane. Med grunnlag i ei slik arbeidsdeling vert alle hovudutvala no invitert til å kome med følgjande innspel i høve økonomiplan 2017-2020:

- Gje ei tilråding i høve utgreiing #51 Folkehelsearbeidet.
- Gje ei tilråding til korleis eit ev. uspesifisert innsparingskrav på sektorramma for 2017 skal løysast.
- Kome med ev. særskilte omprioriteringar på vedtekne innsparingskrav.

Eksterne søknadar om finansiell medverknad i 2017 vert å ta stilling til i hovudutvala og finansutvalet i september 2016.

I tillegg har finansutvalet bestilt følgjande oppdatering i høve opplæringsfartøyet «Skulebas»: «Opplæringsfartøyet «Skulebas» må gjennomføra ein ny klassing i 2019 som er kostnadskrevjande. I verdiskapingsplanen er det sett ei avklaring knytt til vidare drift av «Skulebas», eller eit nytt opplæringsfartøy, til 2018. Ein må difor få ei avklaring på kr 200 000 i prosjektmidlar slik at ein kan få prosjektert og kostnadsrekna eit nytt fartøy. Utval for næring og kultur må få fortløpande oppdatering i prosessen.»

I tråd med framdriftsplan vert punktet som går på framlagde utgreiingar lagt fram utan administrativ tilråding. I arbeidsdokument 3/16 har fylkesrådmannen tilrådd at følgjande malar kan nyttast til utforming av vedtak:

1. Hovudutvalet gjev følgjande tilråding i høve utgreiing #51 Folkehelsearbeidet:  
(dette punktet vert lagt fram utan tilråding)
2. Hovudutvalet tilrår at det uspesifiserte innsparingskravet i 2017 på xx mill. kr vert fordelt slik: Teneste xxxx – xx mill. kr, osv.
3. Hovudutvalet tilrår følgjande omprioritering av alt vedtekne innsparingstiltak: Utgreiing #xx, namn på utgreiing, vert auka/reduisert med xx mill. kr, osv.

### 2.2 Meir om tverrsektorielle utgreiingar – med vekt på folkehelse

I samband med omstillingsprosjektet SFJ 2019 er det lagt fram fleire sektorovergripande utgreiingar. Det er lagt opp til at utgreiing #51 Folkehelsearbeidet bør handsamast i alle hovudutvala. Dette fordi fylkeskommunen sitt folkehelsearbeid femnar om oppgåver som soknar til alle hovudutvala sitt ansvarsområde. I tillegg gjer tannhelsetenesta eit viktig førebyggjande arbeid innan folkehelse, og det er følgjeleg ønskeleg med ei brei drøfting rundt denne utgreiinga om folkehelse.

Fylkeskommunen har i følgje utgreiing #51 eit innsparingspotensiale på kr 3,300 mill. kr ved å endre innretning på folkehelsearbeidet. Dette inneber mellom anna avviking av tilskotsordninga for

folkehelsekoordinator i 22 kommunar i fylket. Kommunane er blitt varsla om endringa, og det er frå og med 2017 allereie innarbeidd ein reduksjon på 3,100 mill. kr (i gjeldande økonomiplan).

### 3 ØKONOMISK STATUS

Som følgje av nytt inntektssystem frå 2015 fekk Sogn og Fjordane fylkeskommune ein monaleg reduksjon i det årlege rammetilskotet. Det vart etablert ei overgangsordning på 5 år, samt gjeve ein tapskompensasjon til dei fylkeskommunane som tapte mest på det nye inntektssystemet. Tabellen nedanfor viser Sogn og Fjordane fylkeskommune sin nettoreduksjon i rammetilskotet som følgje av nytt inntektssystem i 2016-kr.

Mill. kr	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
Nytt inntektssystem - endring	-290,6	-290,6	-290,6	-290,6
Overgangsordning - kompensasjon	174,4	116,3	58,1	
Tapskompensasjon	80,4	80,4	80,4	80,4
<b>Netto inntektsreduksjon som følgje av nytt inntektssystem</b>	<b>-35,8</b>	<b>-93,9</b>	<b>-152,1</b>	<b>-210,2</b>

Denne inntektssvikten i kombinasjon med høg lånegjeld, reduksjon i elevtal og svikt i lokale inntekter har gitt fylkeskommunens store økonomiske utfordringar, spesielt frå 2019 og utover.

I arbeidet med å tilpasse oss nye inntektsrammer er det etablert følgjande salderingsstrategiar:

1. Halde fram påverknadsarbeid for å betre eksterne rammeføresetnader
2. Arbeide for å redusere kapitalutgiftene gjennom auka lokale inntekter
3. Gjennomføre netto utgiftsreducerande tiltak på sektornivå (all fylkeskommunal drift)
4. Bruke fondsmidlar til å få balanse på kort sikt
5. Vidareføre kortsiktige tiltak på sektornivå til desse kan erstattast av langsiktige tiltak.

Gjeldande budsjett 2016/økonomiplan 2016-2019 vart saldert i høve desse strategiane. Det er denne økonomiplanen som er utgangspunktet for arbeidet med økonomiplan 2017-2020.

I FT-sak 26/15 «økonomiplan 2016-2019» vart det vedteke mange utgiftsreducerande tiltak på sektornivå som er innarbeidd i økonomiplanen. Vidare vart følgjande vedteke: «Utgreiingar med seinare ferdigstillingsdato skal handsamast som ein del av budsjett/økonomiplanprosessen som vert gjennomført i 2016.».

Med grunnlag i dette har finansutvalet oppfordra hovudutvala til å bidra med prioriteringsarbeidet i høve iverksetjing av strategi nr. 3 «Gjennomføre netto utgiftsreducerande tiltak på sektornivå».

#### **Førebels salderingsskisse, jf. arbeidsdokument 3/16**

I arbeidsdokument 3/16, pkt. 2, vart det orientert om dei økonomiske føresetnadane i gjeldande økonomiplan. Vidare i pkt. 8 viste og kommenterte fylkesrådmannen førebels salderingsskisse slik:

	2017	2018	2019	2020
<b>Utg.pkt: Balansert økonomiplan</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>
<b>Vurdering i a.dok 1: Ingen økonomisk vurdering</b>				
<b>Vurdering i a.dok 2: Ingen økonomisk vurdering</b>				
<b>Vurdering i a.dok 3:</b>				
Reversering av sluttsaldering øk.plan 2017-2019	3,7	-14,8	-40,5	
Teknisk rullering av økonomiplanen				-61,6
Opplæring - justering av ramme - rekneskapsresultat 2015	-5,1	-5,1	-5,1	-5,1

Opplæring - justering av ramme -nye føresetnader	-7,1	6,0	0,7	-4,0
Opplæring - reduksjon i innsparingskrav 2019/2020			4,4	9,1
Lokale inntekter - ny prognose konsesjonskraft	11,0	21,5	26,9	21,4
Kapitalutgifter - reduserte ekstraord. avdrag	-11,0	-21,5	-26,9	-21,4
Kapitalutgifter - auka kostnader		0,8	2,3	4,2
Samferdsle - Sognebåten - mindre innsparing	0,8	0,8	0,8	0,8
Samferdsle - Sognebåten - auka innsparingskrav	-0,8	-0,8	-0,8	-0,8
Kontrollutvalet - auka ramme - ny politisk samansetnad	0,2	0,2	0,2	0,2
<b>Ubalanse etter a.dok 3</b>	<b>-8,3</b>	<b>-12,9</b>	<b>-38,0</b>	<b>-57,3</b>

«Førebels salderingsskisse viser at vi førebels har «eit overskot» på 8,3 mill. kr i 2017 aukande til 57,3 mill. kr i 2020. For 2017 og 2018 meiner fylkesrådmannen at det er realistisk å få balanse mellom inntekt- og utgiftsnivået.

I 2019 og 2020 er situasjonen meir usikker, sjølv om salderinga no viser overskot. Dette må sjåast i samanheng med føresetnadane for økonomiplan som fylkesrådmannen har omtalt i punkt 2. Der vert det peika på at over 100 mill. kr årleg i samla inntektsauke/utgiftsreducerande tiltak er svært usikre for oss frå 2019.

På bakgrunn av dette, samt ev. nye føresetnader i m.a. kommuneproposisjonen og tertialrapport 1/16, tek fylkesrådmannen sikte på å gjere ein heilskapleg vurdering av økonomiplanrammene i økonomiplansaka i juni.»

#### 4 GRUNNLAG FOR PRIORITERINGANE

Som grunnlag for prioriteringane vert det generelt vist til framlagt materiale i arbeidsdokument 3/16.

I tabellen nedanfor er det satt opp kva som er innarbeidd i økonomiplanen i høve salderingsstrategi nr. 3, utgiftsreducerande tiltak på sektornivå:

- Sum vedteke innsparingstiltak etter arbeidsdokument 3/16 pr. sektor
- Ufordelt innsparingskrav pr. sektor.

	2017	2018	2019	2020
<b>Innsparingstiltak øk.plan 2017-2020</b>				
<b>Politisk styring, plan og forvaltning</b>				
<i>Politisk styring og forvaltning</i>	<b>-18,7</b>	<b>-18,7</b>	<b>-30,0</b>	<b>-30,0</b>
Uspesifisert innsparingskrav	-0,1	-0,1	-10,0	-10,0
<i>Plan</i>	<b>-1,7</b>	<b>-1,7</b>	<b>-1,7</b>	<b>-1,7</b>
Uspesifisert innsparingskrav plan	-0,8	-0,8	-0,8	-0,8
<b>Opplæring</b>	<b>-23,2</b>	<b>-35,0</b>	<b>-60,2</b>	<b>-60,2</b>
Uspesifisert innsparingskrav		-4,5	-25,1	-20,4
<b>Tannhelse</b>	<b>-5,5</b>	<b>-11,0</b>	<b>-11,0</b>	<b>-11,0</b>
Uspesifisert innsparingskrav	-3,2	-8,7	-8,7	-8,7
<b>Næring og kultur</b>	<b>-16,4</b>	<b>-16,4</b>	<b>-16,4</b>	<b>-16,4</b>
Uspesifisert innsparingskrav næring	-4,0	-4,0	-4,0	-4,0
Uspesifisert innsparingskrav kultur	-0,5	-0,5	-0,5	-0,5
<b>Samferdsle</b>	<b>-49,8</b>	<b>-39,3</b>	<b>-55,3</b>	<b>-55,3</b>
Uspesifisert innsparingskrav	-0,8	-9,7	-16,8	-16,8
<b>Sum sektorinnsparingar</b>	<b>-115,3</b>	<b>-122,1</b>	<b>-174,6</b>	<b>-174,6</b>
<b>Herav attståande uspesifisert innsparingskrav</b>	<b>-9,3</b>	<b>-28,2</b>	<b>-65,8</b>	<b>-61,1</b>

Samla viser tabellen at sektorrammene er redusert med om lag 175 mill. kr frå 2019. Av dette beløpet er det ikkje knytta konkrete tiltak til om lag 66 mill. kr. Utgreiingane som no er lagt fram har som føremål å bidra til å spesifisere dette innsparingskravet på konkrete tiltak.

## 5 AGENDA 12. MAI

Det er lagt opp til slikt program for den politiske aktiviteten 12. mai:

10:00: Opplæring av folkevalde og fellesorienteringar

Økonomi/budsjett og kommuneproposisjon 2017 (45 minutt)

Vidaregåande opplæring i skule og bedrift (45 minutt)

SFJ 2019 - nye utgreiingar, (60 minutt)

12:30: Lunsj

13:30: Møte i hovudutvala

Det vert elles sendt ut eiga innkalling til 12.05.

Det er vidare lagt opp til slik framdrift i økonomiplansaka:

Dato	Arbeidsoppgåver	Politisk nivå	Adm. Nivå
24.05.2016	Utsending av fylkesrådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2017-20		FRM
31.05.2016	Hovudutvala si handsaming	HU	
01.06.2016	Fylkesutvalet si handsaming	FU	
14/15.06 2016	Fylkestinget si slutthandsaming	FT	

## 6 FORDELING AV USPESIFISERTE INNSPARINGSKRAV

Sektoren næring og kultur er delt i følgjande programområde – med slike nettøløyvingar:

Programområde	R-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020
701 Tilrettel./støttef./finansieringsbistand for næringslivet	81,710	78,803	93,069	86,932	86,932	86,932
716 Friluftsliv, vassregionstyresmakt og forvaltning av vilt og innlandsfisk	4,194	1,901	1,901	1,901	1,901	1,901
Ufordelt innsparingskrav næring			-4,000	-4,000	-4,000	-4,000
740 Bibliotek	6,500	5,882	5,582	5,382	5,382	5,382
750 Kulturminnevern	13,491	13,148	11,448	11,448	11,448	11,448
760 Museum	16,244	16,477	14,977	14,877	14,877	14,877
771 Kunstformidling	10,251	9,943	9,943	10,243	10,243	10,243
772 Kunstproduksjon	11,494	11,490	10,690	10,690	10,690	10,690
775 Idrett	2,526	3,293	2,693	2,693	2,693	2,693
790 Andre kulturaktivitetar	11,093	11,187	8,587	8,587	8,587	8,587
480 Folkehelse	5,026	5,983	2,456	2,456	2,456	2,456
Ufordelt innsparingskrav kultur	0,000	0,000	-0,500	-0,500	-0,500	-0,500
<b>Sum</b>	<b>162,529</b>	<b>158,107</b>	<b>156,846</b>	<b>150,709</b>	<b>150,709</b>	<b>150,709</b>

*Ufordelt innsparingskrav for næring har auka frå 3,600 mill. kr til 4,000 mill. kr samanlikna med budsjett 2016/økonomiplan 2016-2019. Auken kjem av ei ny fordelinga av det totale innsparingskravet på 4,800 mill. kr som høyrer til det som tidlegare var plan og næring.*

Sektoren næring og kultur har tilpassa seg dei innsparingskrava som ligg føre i 2016.

Fylkesdirektøren viser til vedtaka frå HK-sak 18/15 og HPN-sak 31/15 frå møte i mai 2015; jf. vedlegg 2 og 3 der det går fram kva innsparingsvedtak som vart gjort då.

I 2017 og perioden 2018-2020 har sektoren næring og kultur eit ufordelt innsparingskrav som reduserer totalramma. Næring har eit ufordelt årleg innsparingskrav på 4,000 mill. kr, der 2,000 mill. kr er knytt til fylkeskommunale midlar og 2,000 mill. kr er knytt til midlar vi tek i mot frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). Kultur har eit ufordelt årleg innsparingskrav på 0,500 mill. kr.

### 6.1 Fordeling innsparingskrav næring

Innovasjon Norge (IN) får årleg ei løyving av dei regionale utviklingsmidlane som fylkeskommunen tek i mot frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, og dette utgjer den største posten i næringsdelen av budsjettet. I 2016 gjekk løyvinga til bedriftsretta satsingar opp frå 26,337 mill. kr til 31 mill. kr, m.a. som følgje av at Kalvøya var fullfinansiert. I økonomiplan for 2017 går løyvinga ytterlegare opp til 32,300 mill. kr.

*Fylkesdirektøren rår til at tenesteområde 7010 – Bedriftsretta satsingar vert redusert med 0,500 mill. kr frå 32,300 mill. kr til 31,800 mill. kr i budsjett for 2017.*

I økonomiplanen for 2017 aukar løyvinga til kommunale næringsfond til 15,630 mill. kr, frå 11 mill. kr i 2016. I tillegg til løyvinga til IN er kommunale næringsfond den største posten i næringsbudsjettet. Sjølv om kommunale næringsfond vert redusert noko, vil ein i 2017 likevel ligge godt over 2016-nivet. I økonomiplanen for 2017 ligg løyvinga til omstilling inne med same nivå som i 2016; 5,300 mill. kr. I 2017 vil det kun vere Lærdal som har omstillingsstatus. Ut frå dette legg ein til grunn noko reduksjon under omstilling.

*Fylkesdirektøren rår til at tenesteområde 7015 – Nyskaping vert redusert med 1,500 mill. kr i budsjett for 2017, fordelt med 1,000 mill. kr på kommunale næringsfond og 0,500 mill. kr på omstilling.*

Ved utarbeiding av budsjettet for 2013 vart breibandinnsatsen styrka. Denne auken vart i samband med budsjett 2014 teken vekk for åra 2014, 2015 og 2016, og dei aktuelle midlane er lagt inn att i økonomiplanen frå år 2017. Det er derfor ein auke i budsjetttramma på programområde 701 frå år 2016 til 2017. Auken er fylkeskommunale midlar, og 2,000 mill. kr av det ufordelte innsparingskravet knyter seg til fylkeskommunale midlar. Fylkesdirektøren ser ikkje noko anna løysing enn å redusere teneste 7011 – Kommunikasjonsteknologi, med 2 mill. kr. Næringsbudsjettet har ikkje meir fylkeskommunale midlar/driftsmidlar enn det som absolutt er nødvendig for å kunne utføre dei arbeidsoppgåvene vi har.

*Fylkesdirektøren rår til at tenesteområde 7011 – Kommunikasjonsteknologi vert redusert med 2,000 mill. kr i budsjett for 2017.*

Fylkesdirektøren tilrår at det ufordelte innsparingskravet i næringsbudsjettet vert fordelt slik:

Tenesteområde 7010 Bedriftsretta satsingar (ramme til Innovasjon Norge):	- 0,500 mill. kr.
Tenesteområde 7011 Kommunikasjonsteknologi:	- 2,000 mill. kr.
Tenesteområde 7015 Nyskaping - omstilling	- 0,500 mill. kr.
Tenesteområde 7015 Nyskaping – kommunale næringsfond	- 1,000 mill. kr.
<b>SUM</b>	<b>- 4,000 mill. kr.</b>

## 6.2 Fordeling innsparingskrav kulturbudsjettet

Dette kravet kom inn då den vedtekte reduksjonen i tilskotet til musea vart utsett og redusert. Endringa hadde ein konsekvens på 1,5 mill. kr. Sektorramma vart kompensert med 1 mill. kr, og 0,5 mill. kr vart lagt inn som ufordelt innsparingskrav.

Slik budsjettsituasjonen er no, med kutt på alle område utanom tenesteområde 7900 – andre kulturaktivitetar (ungdomspolitisk utval/fylkesting for ungdom, ung kultur møttest (UKM), tilskotsmidlar til lag og organisasjonar, festivalar og andre arrangement, administrasjon/kontorutgifter), er det fylkesdirektøren sitt forslag å legge denne innsparinga der. Reduksjonen vil ramme tilskot til lag og organisasjonar, festivalar og andre arrangement.

Programområde	2017		
	Rammer øk. plan	Endringar	Budsjett 2017
701 Tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet	93,069	-4,000	89,069

740 Bibliotek	5,582		5,582
750 Kulturminnevern	11,448		11,448
760 Museum	14,977		14,977
771 Kunstformidling	9,943		9,943
772 Kunstproduksjon	10,690		10,690
775 Idrett	2,693		2,693
790 Andre kulturaktivitetar	8,587	-0,500	8,087
716 Friluftsliv, vassregionstyresmakt og forvaltning av vilt og innlandsfisk	1,901		1,901
480 Diverse fellesutgifter (folkehelse)	2,456		2,456
<b>Sum næring og kultur</b>	<b>161,346</b>	<b>-4,500</b>	<b>156,846</b>

## 7 OMPRIORITERINGAR INNAN VEDEKNE RAMMER

### 7.1 Omprioritering i næringsbudsjettet

Frå 2015 hadde næringsavdelinga eit ufordelt innsparingskrav på 1,5 mill. kr, jf. FT sak 26/15. Opphavleg var det planlagt å fordele innsparingskravet på denne måten i 2016:

- Tenesteområde 7012 – Bransjeretta satsingar - Reisemålsselskapa 1 mill. kr.
- Tenesteområde 7019 - Oppfølging av satsingar 0,5 mill. kr.

I 2016 klarte vi ikkje å redusere reisemålsselskapa med meir enn 0,300 mill. kr og måtte derfor fordele innsparingskravet på ein annan måte. For å klare innsparingskravet på 1 mill. kr knytt til reisemålsselskapa ønskjer vi å gjere nokre endringar i budsjett 2017 samanlikna med rammene for 2017 i økonomiplanen:

- Tenesteområde 7015 – Nyskaping – kommunale næringsfond - 0,750 mill. kr.
- Tenesteområde 7012 – Bransjeretta satsingar – reisemålsselskapa + 0,750 mill. kr.

Vi når venteleg det opphavlege innsparingskravet på 1 mill. kr på reisemålsselskapa i 2018.

<b>PROGRAMOMRÅDE 701 – TILRETTELEGGING OG STØTTEFUNKSJONAR FOR NÆRINGSLIVET</b>			
<b>Tenesteområde</b>	<b>B-2016</b>	<b>Øk.plan 2017</b>	<b>Framlegg B – 2017</b>
7010 – Bedriftsretta satsingar	31,000	32,300	31,800
7011 – Kommunikasjonsteknologi	1,140	11,277	9,277
7012 – Bransjeretta satsingar – Reiseliv	6,250	5,200	5,950
7012 – Bransjeretta satsingar – Sjømatnæringar	0,950	0,950	0,950
7012 – Bransjeretta satsingar – Energi	0,400	0,400	0,400
7012 – Bransjeretta satsingar – Industri	0,300	0,300	0,300
7012 – Bransjeretta satsingar – Landbruk	0,650	0,200	0,200
7015 – Nyskaping	19,750	24,294	22,044
7018 – Kunnskap	5,825	5,825	5,825
7019 – Andre næringsområde	2,842	2,977	2,977

7019 - Tilrettel./støttefunksjonar for næringslivet	9,696	9,346	9,346
<b>SUM</b>	<b>78,803</b>	<b>93,069</b>	<b>89,069</b>

Tabellen ovanfor syner ei oversikt over programområde 701, med budsjett 2016 og økonomiplan 2017, samt framlegg til budsjett 2017 etter fordelinga av innsparingskravet.

<b>PROGRAMOMRÅDE 701 – TILRETTELEGGING OG STØTTEFUNKSJONAR FOR NÆRINGSLEVET</b>		
<b>Tenesteområde</b>	<b>Endringar – budsjettframlegg 2017 som fylgje av fordeling av det ufordelte innsparingskravet</b>	<b>Omprioritering mellom tenesteområde til budsjettframlegg 2017 samanlikna med økonomiplan 2017</b>
7010 – Bedriftsretta satsingar	-0,500	
7011 – Kommunikasjonsteknologi	-2,000	0
7012 – Bransjeretta satsingar – Reiseliv	0	0,750
7012 – Bransjeretta satsingar – Sjømatnæringar	0	0
7012 – Bransjeretta satsingar – Energi	0	0
7012 – Bransjeretta satsingar – Industri	0	0
7012 – Bransjeretta satsingar – Landbruk	0	0
7015 – Nyskaping	-1,500	-0,750
7018 – Kunnskap	0	0
7019 – Andre næringsområde	0	0
7019 - Tilrettel./støttefunksjonar for næringslivet	0	0
<b>SUM</b>	<b>-4,000</b>	<b>0</b>

Tabellen ovanfor syner korleis fordelinga av innsparingskravet på 4,000 mill. kr er gjort på programområde 701. I tillegg framkjem omprioriteringane (innan same programområde) av høgre kolonne.

<b>Programområde 701</b>						
<b>Teneste</b>	<b>R-2015</b>	<b>B-2016</b>	<b>B-2017</b>	<b>B-2018</b>	<b>B-2019</b>	<b>B-2020</b>
7010 Bedriftsretta satsingar	26,337	31,000	31,800	31,800	31,800	31,800
7011 Kommunikasjonsteknologi	1,000	1,140	9,277	3,140	3,140	3,140
7012 Bransjeretta satsingar	11,629	8,550	7,800	7,050	7,050	7,050
7015 Nyskaping	23,754	19,750	22,044	22,794	22,794	22,794
7018 Kunnskap	5,845	5,825	5,825	5,825	5,825	5,825
7019 Andre næringsområde	3,090	2,842	2,977	2,977	2,977	2,977
7019 Tilrettel./støttefunksjonar for næringslivet	10,055	9,696	9,346	9,346	9,346	9,346
<b>Sum</b>	<b>81,710</b>	<b>78,803</b>	<b>89,069</b>	<b>82,932</b>	<b>82,932</b>	<b>82,932</b>

Tabellen ovanfor syner ei oversikt over programområde 701, for perioden 2017-2020 er det ufordelte årlege innsparingskravet til næring på 4,000 mill. kr fordelt.

## 7.2 Omprioritering i kulturbudsjettet

I økonomiplanen er det lagt eit innsparingskrav på 0,700 mill. kr på Fylkesarkivet frå 2017 tenesteområde 7500 (jf. utgreiing #47 Kulturarv). Fylkesdirektøren vil be om at denne innsparinga vert redusert med 0,300 mill. kr i økonomiplanperioden, som vert lagt over på fylkesmusikarordninga, tenesteområde 7710 (jf. utgreiing #50 Kulturformidling).

<b>Omprioritering innan kultur</b>	
<b>Teneste</b>	<b>B-2017</b>



7500 Fylkesarkivet	+0,300
7710 Fylkesmusikarordninga	-0,300
<b>Sum</b>	<b>0</b>

## 8 ANDRE UTFORDRINGAR

### Tenestemråde 7720 Kunstproduksjon

Det er vedteke ein reduksjon på 1,000 mill. kr på dette området f.o.m. 2017 (utgreiing #49 Kunstproduksjon). Dette er fylkeskommunen sine tilskot til Sogn og Fjordane teater, Førdefestivalen, Opera Nordfjord og Norsk Countrytreff. Parallelt med at dette kuttet skal realiserast, har fylkesordføraren, ut frå vedtak i FT-sak 64/15 teke initiativ til å få tak i statlege arbeidsplassar frå Norsk Kulturråd. Det er presisert frå departementet, Stortinget og frå kulturrådet sjølv at ein føresetnad for å tilrå/flytte ut funksjonar, er at dei finn regionale miljø der kunst og kultur står sterkt, der det er eit aktivt miljø, både institusjonelt og innan det fri feltet. Ei ev utflytting av funksjonar skal så vere med på å styrke det kompetansmiljøet som er der funksjonane ev vert lokalisert. Fylkesrådmannen har omtalt dette i a.dok 3/16 til finansutvalet 4.mai. Det må vurderast om det kan gi uheldige signal til statlege styresmakter med ein slik reduksjon i den perioden departementet skal ta stilling til utflytting.

### Tenestemråde 7900 Andre kulturaktivitetar.

I pkt c) i HK-vedtaket i mai 2015 er det sagt at avtalen med Bergen Filharmoniske Orkester (BFO) ikkje vert vidareført etter 2017. Avtalen det er vist til, er inngått mellom BFO, fylkeskommunen og fire kommunar og går fram til og med 2017, med opsjon fram til 2019. Vedtaket er å forstå slik at fylkeskommunen ikkje forlengar avtalen for sin del. Vedtaket vil ha halvårseffekt for 2017, og full effekt frå og med 2018.

## 9 EKSTERNE SØKNADAR

Større eksterne søknader vert vurdert i samband med budsjettarbeidet og hovudutvalet for næring og kultur tek stilling til desse i september. Vi nemner her nokre av søknadane.

### Tilleggssøknad Hafstadparken

Hafstadparken i Førde er eit fleirbruksanlegg for fysisk aktivitet og idrett. Parken vart offisielt opna i mai 2015. Fylkeskommunen har tidlegare løyvt 12,5 mill. kr til realiseringa av Hafstadparken. Søknaden var på 15 mill. kr, og det er sagt i vedtaket at fylkestinget vil kunne vurdere ytterlegare tilskot seinare. Førde kommune har no søkt om 2,5 mill. kr. Søkjar har fått tilbakemelding om at søknaden vert vurdert i samband med budsjettsaka i september.

### Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark

Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark har søkt fylkeskommunen om driftsstøtte. I HNK-sak 38/16 vart det ikkje funne midlar til å gje slik støtte i inneverande år. Hovudutvalet bestemte at ein skal ta denne saka med i budsjett-drøftingane for 2017.

### Arbeid med nytt fartøy i opplæringssektoren

Då finansutvalet handsama arbeidsdokument 2/16 vart det teke til orde for å greie ut korleis ein kan avløyse dagens opplæringsfartøy som heiter Skulebas. Problemstillinga gjeld i første omgang finansiering av 0,200 mill. kr til prosjektering og kostnadsberekning av eit nytt opplæringsfartøy. Vi har bede om få ein fullstendig søknad, og denne vert etter planen handsama i hovudutval for næring og kultur sitt møte i juni.

## 10 VURDERING OG KONSEKVENSA

Vi har i denne saka m.a. gjort greie for korleis dei ufordelte innsparingskrava kan dekkast inn. Vi legg til grunn at desse vert dekkast inn for både budsjett 2017 og resten av åra utover i økonomiplanperioden. I tillegg har vi peika på nokre omprioriteringar, og nemnt særlege utfordringar i gjennomføring av reduksjonsvedtak.

Vi ser at budsjetttrammene etter kvart er nøkterne. For kultur sin del må det vurderast å avvikle tenester om det skulle kome nye krav om innsparingar.

Innanfor næring ser vi eigne budsjettmidlar i samanheng med kompensasjonsmidlane for høg arbeidsgjevaravgift i Førde, Flora og Sogndal (dei såkalla INU-midlane). Desse midlane gjekk ned frå 41,2 mill. kr i 2015 til 22,2 mill. kr i 2016, og det er varsla ei gradvis avvikling fram mot 2018. Dei aktuelle midlane vert nytta til ulike utviklingsprosjekt, og satsing innan reiseliv, inkubator-tilbod og bedriftsretta støtte gjennom Innovasjon Norge. Ikkje minst satsinga innan reiseliv og inkubator-tilbodet vert sett under press i samband med denne reduksjonen i INU-midlar.

## 11 TILRÅDING

### Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Hovudutvalet gjev følgjande tilråding i høve utgreiing #51 Folkehelsearbeidet: (dette punktet vert lagt fram utan tilråding)
2. Hovudutvalet tilrår at det uspesifiserte innsparingskravet på 4,500 mill. kr vert fordelt slik for 2017 og i økonomiplanperioden:
 

a. Tenesteområde 7010 Bedriftsretta satsingar	- 0,500 mill. kr
b. Tenesteområde 7011 Kommunikasjonsteknologi	- 2,000 mill. kr
c. Tenesteområde 7015 Nyskaping – omstilling	- 0,500 mill. kr
d. Tenesteområde 7015 Nyskaping – kommunale næringsfond	- 1,000 mill. kr
e. Tenesteområde 7900 Andre kulturaktivitetar	- 0,500 mill. kr
3. Hovudutvalet tilrår følgjande omprioritering av alt vedtekne innsparingstiltak:
  - a. Den tidlegare vedtekne reduksjonen innanfor reiseliv (utgreiing #34 (3 a) Reiseliv) vert redusert med 0,750 mill. kr for 2017. Endringa vert dekkast ved å redusere tilsvarande på midlane til kommunale næringsfond i 2017. Det opphavlege innsparingskravet for reiseliv på 1,000 mill. kr vert ståande frå 2018.
  - b. Vedteken reduksjon på Fylkesarkivet (utgreiing #47 Kulturarv) vert redusert med 0,300 mill. kr i økonomiplanperioden. Endringa vert dekkast inn ved å redusere løyvinga til fylkesmusikarordninga (utgreiing #50 Kulturformidling) med 0,300 mill. kr.